



**Dette er dei 5 sølvmedaljene og dei 2 bronsemedaljene som den dyktige sjømatprodusenten Brødrene Hjørnevang i Uskedalen har fått i NM gjennom åra frå årtusenskiptet, Fredag vert det offentliggjort kven som**

**har hevda seg i årets meisterskap og Hjørnevåg-staben er spent;  
Kjem gullet dette året?**

Premieutdelinga går føre seg på matfestivalen Matstreif i Oslo og Hjørnevåg har meldt på 3 produkt denne gongen.

**Første runde**

av bedømmingen er gjort unna og Hjørnevåg har gått vidare til finalerunden i industriklasa saman med 7 andre produsentar. Dei er Findus Norge, Maritim Food, Fonn Egersund, Ferdigmat, MaxMat, Rørvik Fiskmat og Lofotprodukt. I år har Hjørnevåg meldt på fiskepudding, fiskekaker og gourmet fiskeburger.

Hjørnevåg fekk bronse for fiskepudding i 2006, sølv for fiskepudding i 2001, 2004, 2008 og 2011, sølv for fiskekaker i 2002.. og bronse for fiskekaker i 2011.

Fiskepuddingen vert laga på tilnærma den same oppskrifta som gründer Henrik Hjørnevåg frå Gulen nytta då han etablerte seg i vår kommune i 1948.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen